

Vedtekter for kommunalt fond for opphjelp av fisk/vilt og friluftsliv - Vinstravassdraget

Føremål/Bakgrunn

Regulering av magasina i Vinstravassdraget. Glommen og Lågens Brukseigarforening fikk i kongeleg resolusjon av 12. desember 2008 fornya løyve til regulering av magasina i Vinstra elv. I post 7, punkt V i dei nye konsesjonsvilkåra kjem det fram at konsesjonären plikter å innbetale eit eingongsbeløp til råka kommunar. Vågå kommune vart tilkjend eit eingongsbeløp på kr. 500 000,- til opphjelp av fisk/vilt/friluftsliv.

Disponering av fondet

Bruken av fondet, inkludert renter, skal regulerast gjennom reglane fastsett av kommunestyret, med heimel i løyve som er gitt konsesjonærane. Fondet skal stå på ein eigen konto i kommunen og det kan berre brukast av avkastinga av grunnkapital. Av årleg avkasting skal det også settast av midlar slik at fondet aukar i takt med inflasjon og skal følgje konsumprisindeksen.

Avgjersmynde

Det organ som til ein kvar tid har det politiske ansvar for jakt/fiske og friluftsliv i kommunen er fondsstyre. Det er hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning som fattar endeleg vedtak om tildeling av midlar etter administrativ saksbehandling. Støtte skal gis som tilskot. Alle aktuelle tiltak bør vurderast samla ein gong i året. Søknadsfrist er sett til 15. mars.

Bruk og vilkår for fondet

Fondet kan nyttast til opphjelp av tiltak som kjem inn under området fisk, vilt og friluftsliv. Midlane skal fortrinnsvis nyttast til investeringstiltak. Fondet skal kunne nyttast i heile kommunen. Eventuell ubrukt fondsavkasting kan samlast opp over tid og nyttast i større prosjekt. Tiltak kan etter søknad få maks 50 % tilskot av kostnadsoverslaget.

Utbetaling og fristar

Løyvd støtte skal stadfestast av særutskrift av vedtaket som skal innehalde informasjon om godkjent tilskotsgrunnlag, kor lenge løyvinga står ved lag og informasjon om klagerett. Tilskotet blir utbetalat til søker mot dokumenterte utgifter, Løyvinga blir dekt av fondet og er gyldig i 2 år. Det kan søkjast om delutbetaling.

Klagerett

Avslag på søknader kan klagast inn for utval for teknisk, landbruk og naturforvaltning. Reglane i forvaltingslova, kapitel VI gjeld for klage og endring av klage.

Godkjenning

Desse vedtektena er vedtekte av Vågå kommunestyret 26.09.2017 sak 61/17. Vedtektena er ved brev av 04.10.2017 godkjend av Fylkesmannen i Oppland.

Vedtektena trår i kraft straks.